



Til

Den norske regjering
v/ Olje- og energiminister
Kjell-Børge Freiberg

01.11.2019

postmottak@oed.dep.no

Kopi:
Stortingets Energi- og miljøkomité, energi-miljoe@stortinget.no
Kommunenes Sentralforbund, ks@ks.no

Krav om gjennomføring av våre uttalar til "Nasjonal ramme for vindkraft på land".

Kommunane Masfjorden, Gulen, Hyllestad, Fjaler, Gauler og Høyanger har alle gjeve uttalar til "Nasjonal ramme for vindkraft på land".

Der slåast det fast at ingen av kommunane ønsker vindkraft i sine områder.

Likevel erfarer vi at utbyggjarar held fram med sine posisjoneringar og arbeid for å etablere vindkraftprosjekt innafor våre kommunegrenser. Kommunane Høyanger og Gauler har endå til nyleg motteke informasjon om at ein utbyggjar har sendt melding til Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) om planar om vindkraftverk i eit område dei kallar "Høyangerfjella". I tillegg har utbyggjar søkt om ulike dispensasjonar frå gjeldande lovverk, noko Høyanger kommune har avslått.

Vi ønsker ikkje ny aktivitet frå vindkraftutbyggjarar i våre kommunar. Vi ber om at våre demokratisk fatta vedtak blir respektert og at dei leggast til grunn for vidare forvaltning av vindkraftsaker i våre områder.

Vi krev derfor at statsråden umiddelbart grip inn og stoppar all vidare planlegging av nye vindkraftprosjekt i våre områder.

Vi ber om ei snarleg tilbakemelding og ser fram til ei ryddig og repektfull oppfølging av våre krav.

Med vennleg helsing
Ordførarane

Karstein Totland/s
-Masfjorden kommune-

Hallvar Oppedal/s
-Gulen kommune-

Kjell Eide/s
-Hyllestad kommune-

Kjetil Felde/s
-Fjaler kommune-

Mathias Råheim/s
-Gauler kommune-

Petter Sortland/s
-Høyanger kommune-